



Tekst & musikk
**FREDDIE
LANGRIND**

SOGEVISA OM SYNNØVES FERD TIL KØBENHAVN 1681

- (1) Det var seg Synnøve av Otte si ætt
ved Åsebøs fjellhøge tak,
ho seilte til konge og kai København,
der tala ho faderens sak.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd,
der tala ho faderens sak.
- (2) Synnøve var make og moder til tre
og dugande kjerring på gard,
men mannen gav løyve til farefull ferd
for alle dei voner ho bar.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd
for alle dei voner ho bar.
- (3) Herr Otte var verksam med nytteleg drift
og styrken hans nett ikkje snau,
i strid om eit arbeid som ikkje vart gjort
låg grannen attende som daud.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd.
Og grannen låg vitterleg daud.
- (4) Og Otte vart dødsdømt av sameignas menn.
og anken stod fast som på Ting,
men tvilen vart kviskra ved skigard og grind
og Otte fór fredlaus omkring.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd.
Og Otte fór fredlaus omkring.
- (5) Då var det Synnøve, ubøyelag rak,
tok fatt på si stridfulle ferd
med niste i tine og tålmod i sinn
i kav mot den veldige verd.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd
i kav mot den veldige verd.
- (6) Synnøve vart helsa i Rosenborg slott.
I vørndad for dåd og for bønn
gav dronninga vennleg si søster frå nord
ein klednad av fløyel så skjønn.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd
i klednad av fløyel så skjønn.
- (7) Og Kongen gav fibrev for saka påny,
og sjølvforsvar kjentast for rett.
Og Otte slapp stempel som fredlaus i skjul,
forlikt med den døde si ætt.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd,
forlikt med den døde si ætt.

SIGNING I KYRKJA

- (8) Det var seg Synnøve av Otte si ætt
stod fram som ei stigande sol
og førte sin fader til alteret opp
i dronningas blodraude kjol.
Det var Synnøve Ottedotter på kongeferd,
i dronningas blodraude kjol.